

REGLEMENT FINANSFORVALTING

GJELDANDE FRÅ 15.12.2016



INNEHALD

| | | |
|-----|---|---|
| 1. | Generelle rammer og avgrensingar for finansforvaltinga..... | 3 |
| 1.1 | Heimel..... | 3 |
| 1.2 | Fullmakter..... | 3 |
| 1.3 | Rammer for reglementet..... | 3 |
| 1.4 | Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutiner | 3 |
| 1.5 | Rapportering til kommunestyret | 3 |
| 2 | Spesifikke reguleringar..... | 4 |
| 2.1 | Valutarisiko | 4 |
| 2.2 | Låne på investeringane..... | 4 |
| 2.3 | Derivat | 4 |
| 2.4 | Etiske retningslinjer | 4 |
| 3 | Renteinvesteringar..... | 4 |
| 3.1 | Kredittrisiko på renteplasseringar | 4 |
| 4 | Ledig likviditet og andre midlar tenkt for driftsformål | 5 |
| 5 | Langsiktige finansielle aktiva unntatt driftsformål..... | 5 |
| 5.1 | Aksjer | 6 |
| 6 | Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar | 6 |
| 7 | Fullmakter og rutiner i forvaltingen | 7 |

1. GENERELLE RAMMER OG AVGRENSINGAR FOR FINANSFORVALTINGA

1.1 HEIMEL

Forvaltinga skal vere i samsvar med dette reglementet, gjeldande lover og forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvalting, jf. kommuneloven §52 og forskrift av 09.06.2009.

Dette reglementet er vedtatt av kommunestyret den 15.12.2016 og erstattar tidlegare vedtatte reglement.

1.2 FULLMAKTER

Rådmannen, eller dei rådmannen peikar ut, gjennomfører den løypande finansforvaltinga på vegne av kommunestyret. Saker av prinsipiell betydning føreleggast kommunestyret.

1.3 RAMMER FOR REGLEMENTET

Reglementet skal innehalde reglar som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltinga si som:

- Balanse mellom avkasting, risiko og likviditet.
- Samsvar mellom kompleksiteten i investeringsprodukta og kommunen sin eigen kunnskap om finansforvalting. Dette gjelder også dersom kommunen veljer å kjøpe forvaltingstenester frå andre.

1.4 KVALITETSSIKRING AV REGLEMENTET OG ADMINISTRATIVE RUTINER

Finansreglementet og dei administrative rutinane er vurdert av Rogaland Revisjon IKS som ein uavhengig instans for å sikre at dei er forsvarlege og i samsvar med gjeldande regelverk.

1.5 RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET

Rådmannen skal i forbindelse med tertialrapportering pr. 01.05. og pr. 01.09 legge fram rapport for kommunestyret som viser status for finansforvaltinga. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året legge fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utviklinga gjennom året.

Rapporteringa for aktiva og passiva skal innehalde omtale og vurdering av:

- Samansetninga av aktiva og passiva
- Marknadsverdi, samla og fordelt på dei ulike typane av aktiva og passiva
- Løypetid på passiva og plasseringar
- Vesentlege marknadsendringar
- Avvik mellom faktisk forvalting og krava i finansreglementet
- Endringar i risikoeksponering
- Marknadsrenter og eigne rentebetingelsar

Avkastningsreferansar

| | |
|-----------------------|---|
| Avkastningsreferansar | |
| Pengemarknad | 3 mnd. NIBOR |
| Obligasjonsmarknad | ST4X (statsobligasjonsindeks med rentebinding lik 3 år) |
| Aksjar norske | OSEBX (aksjeindeks for Oslo Børs) |
| Aksjar internasjonale | FTWI (aksjeindeks for verden) |

2 SPESIFIKKE REGULERINGAR

2.1 VALUTARISIKO

Bare porteføljen for langsiktig finansielle aktiva, unntatt driftsformål kan ha valutarisiko knytta til sine internasjonale aksjeinvesteringar.

Pga. at Hå kommune p.t ikkje har avsett langsiktige finansielle aktiva, er pkt. 2.1 ikkje aktuelt. Jf. punkt 5.

2.2 LÅNE PÅ INVESTERINGANE

Investeringane kan ikkje lånat på.

2.3 DERIVAT

Derivat kan berre nyttas til å redusere risiko. *Derivat skal p.t. ikkje nyttast i Hå kommune si forvalting.*

2.4 ETISKE RETNINGSLINJER

Ved vurdering av selskap som det investeras i, leggas selskapet sine hovudaktivitetar til grunn. Det skal ikkje investerast i selskap som har ein vesentleg del av verksemda si innan produksjon av våpen, alkohol, tobakk og pornografi eller som strider mot generelle oppfatningar av menneskerettar.

3 RENTEINVESTERINGAR

Renteinvesteringane bør gjerast i verdipapirfond og bankinnskot. Kredittratingen bør være gjort av anerkjent institusjon.

3.1 KREDITTRISIKO PÅ RENTEPLASSERINGAR

Renteberande investeringar kan plasserast i verdipapirfond med betre eller lik gjennomsnitt kredittrating som omtalt i matrisen under (prosent av heile porteføljen).

| Kreditrisiko Kredittrating skal være utført av eit anerkjent selskap | Rammer i prosent av heile porteføljen |
|--|--|
| 1 Beste kreditrisiko - kredittrating AAA til A- | 100% |
| 2 Moderat kreditrisiko - kredittrating BBB+ til BBB- | 30% |
| 3 Høgare kreditrisiko – kredittrating BB+ til B- | 0% |

1. *Beste kreditrisiko.* Lån med kredittrating lik eller betre enn A- som i hovudsak er stats- og statsgaranterte, norske fylkeskommunar/kommunar og større finansinstitusjonar.
2. *Moderat kreditrisiko.* Lån med kredittrating lik eller betre enn BBB- Finansinstitusjonar bør ha en eigenkapital på minimum NOK 250 millionar. Unntaket er hovudbankforbindelsen.
3. *Høgare kreditrisiko.* Lån med kredittrating lik eller betre enn B- som i hovudsak omfattar industriselskap.

4 LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLAR TENKT FOR DRIFTSFORMÅL

Formålet med forvaltninga er å sikre en god avkastning med lav risiko og god likviditet.

Plasseringsalternativ / former

Plasseringar vil typisk være kontantar, bankinnskot og verdipapirfondsandeler.

| Investeringar | Maksimalt | Normalt | Avkastnings referansar |
|--------------------------|-----------|---------|---------------------------|
| Pengemarknad/Rentemargin | 100% | 100% | 3 mnd. NIBOR |
| Aksjemarknad | 0% | 0% | OSEBX |

Rentebinding / renterisiko

| Rentebinding | Maksimalt | Normalt |
|------------------|-----------|---------|
| Rentebindingstid | 1,0 år | 0,25 år |

Maksimal størrelse på enkeltplasseringar er 20 millionar kroner.

Kreditrisiko

Det kan investeras i 1. Beste kreditrisiko og 2. Moderat kreditrisiko som omtalt i pkt. 3 i reglementet.

Målsetting for avkastning

Målsetting for avkastning på aktive plasseringar av driftslikviditet er 0,2 % over referanseindeks.

5 LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA UNNTATT DRIFTSFORMÅL

Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunen sine finansielle eigendelar som i samsvar med gjeldande prognoser, budsjett og planar, ikkje skal nyttast til drift, investeringar eller nedbetaling av gjeld i kommande 4-års periode. Midlane skal investeras i verdipapirmarknaden med formål å ta ivare realverdien samt å oppnå høgast mogleg risikojustert avkastning over tid.

Pkt. 5 er for tida ikkje aktuelt for Hå kommune. Det er ikkje avsett slike langsiktige finansielle aktiva.

Investeringar / portefølje samansetning

Marknader

Midlane skal plasseras med hovudvekt i det norske verdipapirmarkedet. Vekting mellom rente- og aksjemarknaden som følgjer:

| Investeringar | Maksimalt | Normalt | Avkastnings referansar |
|---------------------------------|-----------|---------|------------------------|
| Pengemarknad/Rentemargin | 100% | 70% | ST3X |
| Aksjemarknad | 35% | 30% | OSEBX |

Rentebinding / renterisiko

| Rentebinding | Maksimalt | Normalt | Avkastnings referansar |
|-------------------------|-----------|---------|------------------------|
| Rentebindingstid | 3 år | 1 år | ST3X |

Enkeltplassingar kan ha meir enn 3 år rentebinding.

Kredittrisiko

Det kan investeras i verdipapir omtalt i reglementet pkt. 3 i reglementet.

5.1 AKSJER

Internasjonale aksjeinvesteringar skal gjerast gjennom anerkjente verdipapirfond.

Norske aksjeinvesteringar kan gjerast gjennom verdipapirfond eller som direkte investeringar. Verdipapirfonda og investeringane skal være som omtalt under.

1. Investeringane skal hovudsakleg bestå av likvide børsnoterte aksjar i solide og større selskap.
2. Investeringane skal ikkje være trading-orientert, altså ha ein lav omløpshastigheit.
3. Investeringane skal baserast på finansanalyse med vekt på historisk gode nøkkeltal.
4. Enkelt aksjeinvestering bør ikkje være meir enn 10% av aksjeporteføljen og porteføljen skal fordelast på minimum 15 hovudpostar.

6 GJELDSPORTEFØLJEN OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALAR

Formålet med forvaltinga er å sikre ein lavast mogleg finansieringskostnad, stabil finansiering og god likviditet.

Rentebinding

| Rentebinding | Maksimalt |
|-------------------------|-----------|
| Rentebindingstid | 5,0 år |

Enkelt-rentebindingar kan være lengre.

For bruk av ikkje-rentebærande finansinstrument (renteavtaler, rentebytteavtaler) vil følgjande gjelde:

1. Porteføljen kan ta i bruk rentebytteavtalar (renteswaps) og framtidige renteavtalar (FRA). Bruk av andre ikkje-rentebærande finansielle instrumenter er ikkje tillatt.
2. Instrument som nemnt i pkt. 1 kan nyttast på samla gjeldsportefølje.

Likviditetsrisiko / Refinansieringsrisiko

Samansetning av gjeldsportefølje:

Gjeldsporteføljen skal bestå av eit avgrensa tal lån, men slik at likviditetsrisiko/refinansieringsrisiko avgrensas.

1. Enkeltlån skal ikkje utgjøre meir enn 40% av den samla gjeldsporteføljen.
2. Lån blir normalt ikkje tatt opp som avdragsfrie lån (unnatak for Husbanklån).
3. Gjennomsnittleg løypetid på låna (tid til forfall) bør være meir enn eitt år.
4. Låna må være slik at årlige avdrag blir betalt.
5. For å ha ein viss forutsigbarheit vedr. rentekostnadar og ein deling av risiko i forhold til endringar i rentenivå, bør gjeldsporteføljen delast slik at 25-50% er knytt opp mot fast renteavtale og 75-50% mot flytande renteavtale.
6. Durasjon (gjennomsnittleg bindingstid) på låneporteføljen skal være 1-5 år.

Rutinar for opptak av lånegjeld

Låneopptak skal utlyses i tråd med regelverk.

Nedbetalingsperiode skal normalt være 20 år (frå opptak). Jf. dei årlege budsjettvedtaka om opptak av lån.

7 FULLMAKTER OG RUTINER I FORVALTINGEN

Det blir delegert til rådmannen å gjennomføre forvaltinga av kommunen sine finansielle midlar, her under:

1. Etablere administrative rutinar som sørgjer for at finansforvaltinga blir utøvd i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og finansforskrifta, og at finansforvaltinga er gjenstand for tryggande kontroll.
2. Det skal etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.
3. Sørgje for ajourførte og tryggande instruksjer og fullmakter for medarbeidarar som skal arbeide med finansforvaltinga.

